

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 30.09.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
109/21	Utval for næringsutvikling og drift	13.10.2021

Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 13.oktober

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 13.10.2021:

Handsaming:

- Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag orienterte om kraftsituasjonen i regionen og om aktuelle prosjekt på Mongstad
- Børge Brundtland-dagleg leiar i Industriutvikling Vest orienterte om framdrift i Green Spot Mongstad og Grøn plattform
- Anny Bastesen-kommunalsjef orienterte om intensjonsavtale Intensjonsavtale mellom Equinor Refining Norway AS og Alver kommune om utbygging av vassforsyning til Mongstad industriområde
- Anny Bastesen-kommunalsjef gav status for bemanning og kapasitet i byggesaksavdelinga i kommunen
- Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte om oppfølging av Scenarionalsen for Nordhordland
- Sondre Sognnes Haugen-rådgjevar Plan og analyse orienterte om moglege utfordringar knytt til Scenarioanalysen
- Børge Engedal-innkjøpsjef orienterte om korleis styrka lokalt næringsliv gjennom kommunen si rolle som innkjøpar?
- Politisk møteplan lagt fram

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil igjen peika på at det er avgjerande at alt som kan gjerast blir gjort for å sikra tilstrekkeleg tilgang på straum til landets største industriområde på Mongstad. Alver kommune må saman med gode samarbeidspartnarar halda fram med å støtta og vera pådrivar for å sikra dette. Utvalet vil vidare også halda fram at offshore tilknytning til straum frå land ikkje må gå på bekostning av utvikling av grøn industri på land.

Utvalet er glad for at det er ei oppfølging av scenarioanalysen på regionalt nivå, og vil peika på innspel utvalet har løfta til dette arbeidet i tidlegare møte.

I arbeid med innkjøpsstrategi ønskjer utvalet at det blir lagt opp til å styrka lokalt næringsliv sitt potensiale for å levera i offentlege anskaffelser, og ber om å bli involvert i dette arbeidet på passende tidspunkt.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at situasjonen no normaliserar seg mtp. tilstrekkelege ressursar for å handtera situasjonen for byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen, og at det ser ut til å vera politisk fleirtal for ekstraløyvingar for å handtera etterslepet for slike saker som ligg og ventar.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg til vedtak.

ND- 109/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil igjen peika på at det er avgjerande at alt som kan gjerast blir gjort for å sikra tilstrekkeleg tilgang på straum til landets største industriområde på Mongstad. Alver kommune må saman med gode samarbeidspartnarar halda fram med å støtta og vera pådrivar for å sikra dette. Utvalet vil vidare også halda fram at offshore tilknytning til straum frå land ikkje må gå på bekostning av utvikling av grøn industri på land.

Utvalet er glad for at det er ei oppfølging av scenarioanalysen på regionalt nivå, og vil peika på innspel utvalet har løfta til dette arbeidet i tidlegare møte.

I arbeid med innkjøpsstrategi ønskjer utvalet at det blir lagt opp til å styrka lokalt næringsliv sitt potensiale for å levera i offentlege anskaffelser, og ber om å bli involvert i dette arbeidet på passande tidspunkt.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at situasjonen no normaliserar seg mtp. tilstrekkelege ressursar for å handtera situasjonen for byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen, og at det ser ut til å vera politisk fleirtal for ekstraløyvingar for å handtera etterslepet for slike saker som ligg og ventar.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Saksopplysningar:

Det vert synfaring på ulike næringsområde på Mongstad. Frammøte ved kommunehuset på Frekhaug for felles transport i minibuss.

Det vert lagt fram følgjande meldingar/orienteringar i møtet:

1. Intensjonsavtale mellom Equinor Refining Norway AS-og Alver kommune om utbygging av vassforsyning til Mongstad industriområde – orientering v/Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt
2. Status Mongstad – orientering om prosessar v/Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag
3. Kraftsituasjonen i regionen – orientering v/Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland industrilag
4. Oppfølging scenarioanalyse – v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
5. Korleis styrke lokalt næringsliv gjennom kommunen si rolle som innkjøpar? v/Børge Engedal-innkjøpssjef
6. Byggesak – bemanning og kapasitet – status v/Anny Bastesen-kommunalsjef
7. Politisk møteplan for 2022 – utkast (vedlegg)

Vedlegg i saken:

04.10.2021 Politisk møteplan 2022_utkast 21.09.21

1621722